



Forskrift om permisjon frå opplæringa i grunnskulen

Heimel: Fastsett av **Kommunestyret] [xxxx]** med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-2 fjerde ledd.

§ 1. Formål

Forskrifta skal sikre lik praksis rundt behandling av permisjonssøknader i grunnskulen og bidra til at permisjonsreglane er meir føreseielege for elevar og føresette.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld for grunnskulane i Stranda

§ 3. Vilkår for permisjon frå grunnskoleopplæringa

Elevar kan kun få permisjon dersom opplæringa samla sett er forsvarleg.

For å vurdere kva som er forsvarleg, må ein legge vekt på følgjande:

- læringsutbyttet til eleven
- eleven sitt fråvær
- kva som skal skje på skulen i permisjonstida
- om foreldra vil gi eigna opplæring i permisjonstida
- kva eleven sjølv meinar

Elevar som er medlemmar av andre trussamfunn enn Den norske kyrkja, har rett til permisjon frå skulen dei dagane trussamfunnet har heilagdag.

§ 4. Øvre grense for permisjon

Elevar kan ikkje få permisjon i meir enn 10 skuledagar pr skuleår.

§ 5. Perioder når det ikkje skal innvilgast permisjon

Det skal normalt ikkje innvilgast permisjon i periodar med:

- Statlege kartleggingsprøvar
- Nasjonale prøver
- Eksamener og tentamenar, skriftleg og munnleg, inkludert førebuingstid

Søknader om permisjon knytt til hendingar av særleg sorgprega karakter, som dødsfall eller begravelse, skal likevel så langt det er muleg godkjennast også i perioder som nemnt ovanfor.

§ 6. Behandling av søknader om permisjon

Søknad om permisjon skal søkast via Visma FLYT skole i god tid før eleven sin aktuelle permisjon startar.

Permisjon 1 - 3 dagar: Søknaden vert behandla av kontaktlærar.

Permisjon 4 - 10 dagar: Søknaden vert behandla av rektor.

Vedtak om permisjon er eit enkeltvedtak etter forvaltningsloven.

§7. Klage

Klagefrist på vedtaket er 3 veker og skal sendast til rektor ved skulen.

§8. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft straks etter kommunestyrevedtak.